

Vinnar Ung Ryfylkehelt

Vinnaren er ein ung gutt som i fleire år har markert seg som eit dyktig talent innan musikk. Han er med i fleire talentprogram, både i Stavanger og nasjonalt. Her møtes ti av dei største pianotalenta i Norge, der den nominerte er den yngste. Vedkommande har delteke i Norske Talenter, og blir brukt som organist i den lokale kyrkja. Truleg landets yngste organist, tilsett som fast vikar. I tillegg spelar han ofte for eldre på eldresenteret i kommunen og på arrangement i regi av kyrkjekontoret. Vinnaren har komponert eigne stykker i fleire år, og nå har nå eit større utval av eigenkomponerte verk. I slutten av mai deltek vinnaren under Festspillene i Bergen, der han møter blant andre pianisten Leif Ove Andsnes og andre kapasiteter innan det norske pianistmiljøet.

Vinnaren av prisen Ung Ryfylkehelt er 13 år gamle Vilmer Teig frå Sauda!